



## Møteprotokoll for Plan- og kommunalteknisk utval

**Møtedato:** 25.04.2018  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 13.15 – kl.15.45

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Atle Solberg	H	Utvalsleiar
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Torunn Åsheim	AP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Annbjørge Bysheim Herland	KRF	Medlem
Lars Fjeldstad	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Kim Andre Hartveit	FRP	For Ø. Litland, sak 044
Andrea Hartveit	AP	For R.J. Tyssebotn sak 044
Sigmund Faugstad	FRP	For T. Åsheim sak 044
Vibeke Hanstvedt	FRP	For S. Tyssebotn sak 044
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Annbjørge Bysheim Herland
Inge Halland	H	Lars Fjeldstad

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen og utvalssekretæren

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
040/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
041/18	Godkjenning av møtebok
042/18	Referatsaker og meldingar
043/18	Delegerte saker
044/18	58/1 - Ny handsaming av klagesak etter jordlova §§ 12 og 9.

- 045/18 87/1 - Hoshovde - søknad om dispensasjon for planering av naustområde og etablering av kaifront
- 046/18 14/193 Hatland - Søknad om dispensasjon - oppføring av familiens hus
- 047/18 117/9 Håland Nordre - Søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad

-----

Før møtet vart det halde synfaring for utvalet i sak 045/18, gnr. 87/bnr. 1 Hoshovde

## **040/18: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **25.04.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

#### **PL - 040/18 VEDTAK:**

**"Innkalling og sakliste vert godkjent."**

---

## **041/18: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 14.03.18 vert godkjend.**

### **25.04.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det var ikkje merknader til utsend møteprotokoll frå 14.03.18.

#### **PL - 041/18 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 14.03.18 vert godkjend.**

---

## **042/18: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**"Referatsakene vert tekne til vitande."**

### **25.04.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

---

*Protokoll plan- og kommunalteknisk utval 25.04.18*

**PL - 042/18 VEDTAK:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

---

**043/18: Delegerte saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

**25.04.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Torunn Åsheim, AP, tok opp at det ofte er vanskeleg å finna ut kva eigedom det gjeld. Treng å få oppgitt gnr./bnr. og/eller gateadresse og stadnamn. Rådmannen merka seg oppmodinga.

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PL - 043/18 VEDTAK:**

"Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande."

---

**044/18: 58/1 - Ny handsaming av klagesak etter jordlova §§ 12 og 9.**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune opprettheld administrativt vedtak i sak 323/16. Klagen vert send Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.

Osterøy kommune gjev med heimel i jordlova §§ 1, 9 og 12 avslag på søknad om omdisponering av dyrka/dyrkbar jord til bustadføremaal og frådeling av ein parsell på 13,8 daa frå landbrukseigedomen gnr.58.bnr.1. i Osterøy kommune.

## 25.04.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

### *Handsaming av gildskap for utvalsmedlemmer*

Utvalsleiar bad, med tilvising til krav frå klagar i saka, om å ta opp gildskap for Øyvind Litland, AP, Torunn Åsheim, AP, Ragnar J. Tyssebotn, FRP og Siren Tyssebotn, FRP til vurdering - dei fekk høve til å uttala seg om sin gildskap før dei gjekk frå møtet - Kim Andre Hartveit, FRP, Andrea Hartveit, AP, Sigmund Faugstad, FRP og Vibeke Hanstvedt, FRP møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades

-----  
Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 13.50 - kl. 13.55 med gruppemøte for H og KRF og for FRP

-----  
Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.05 - kl. 14.10 med gruppemøte for FRP.  
-----

Rådmannen stadfesta at kontrollrapporten som ligg som eit av vedlegga i saka er motteken frå Securitas AS.

-----  
Kim A. Hartveit, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka blir utsett fram til neste møte, sånn at me kan få avkrefte/bekrefta om påstand mot representanten Åsheim er rett."

### AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget fall med 4 røyster (2H,1AP,1KRF) mot 3 røyster (3FRP)

### AVRØYSTING - gildskap

Øyvind Litland - kjend gild med 4 røyster (2H,1AP,1KRF) mot 3 røyster (FRP)

Utvalet viste til hans eiga vurdering av sin gildskap og fann ikkje at det låg føre ugildskap etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, og heller ikkje etter § 6, 2. ledd .. *likeså er han ugild når andre særlegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.*

Grunngjeving: Utvalfleirtalet fann at saka i Konfliktrådet vart avslutta for fleire år sidan og dette kan difor ikkje lenger tilleggjast særleg vekt. Utvalet kjenner heller ikkje til andre forhold som gir grunnlag for å kjenna Øyvind Litland ugild.

Torunn Åsheim - kjend gild med 4 røyster (2H,1AP,1KRF) mot 3 røyster (FRP)

Utvalet viste til hennar eiga vurdering av sin gildskap og fann ikkje at det låg føre ugildskap etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, og heller ikkje etter § 6, 2. ledd .. *likeså er han ugild når andre særlegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.*

Grunngjeving: Utvalsfleirtalet viste til at representanten sjølv ikkje kjenner seg att i påstandane frå klagar og har avvist desse. Utvalet vurderer at episoden klagar viser til ligg nesten tre år tilbake i tid, og ingen namn kjem fram i rapporten. Det er vanskeleg i ettertid å ettergå opplysningane i kontrollrapporten, og ein finn difor at dette ikkje lenger kan tilleggjast særleg vekt. Utvalet kjenner heller ikkje til andre forhold som gir grunnlag for å kjenna Torunn Åsheim ugild.

Ragnar Tyssebotn - kjend gild - samrøystes

Utvalet viste til hans eiga vurdering av sin gildskap og fann ikkje at det låg føre ugildskap etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, og heller ikkje etter § 6, 2. ledd .. *likeså er han ugild når andre særlegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.*

Grunngjeving: Utvalsfleirtalet fann at representanten sjølv har stadfesta at han ikkje lenger har konfliktforhold med klagar, korkje i partiet eller som privatperson, noko som og er stadfesta frå klagar, og ein fann difor at tidlegare forhold difor ikkje lenger kan tilleggjast særleg vekt. Utvalet kjenner heller ikkje til andre forhold som gir grunnlag for å kjenna Ragnar J. Tyssebotn ugild.

Siren Tyssebotn - kjend gild - samrøystes

Utvalet viste til hennar eiga vurdering av sin gildskap og fann ikkje at det låg føre ugildskap etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, og heller ikkje etter § 6, 2. ledd .. *likeså er han ugild når andre særlegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.*

Grunngjeving: Gildskaps spørsmålet for Siren Tyssebotn vart teke opp på grunnlag av at ho er dotter til Ragnar J. Tyssebotn. Når han vart kjend gild i saka, låg det ikkje lenger føre noko grunnlag for ugildskap for hennar vedkomande. Utvalet kjenner heller ikkje til andre forhold som gir grunnlag for å kjenna Siren Tyssebotn ugild.

Generell vurdering - utvalet viser til at medlemmene har rett og plikt til å møta og røysta i saker til handsaming, og påstandar om ugildskap må ikkje nyttast for å hindra enkeltmedlemmer i å delta, eller motsett, at det å erklæra seg ugild vert nytta som ein måte å unndra seg å delta i handsaminga av vanskelege/konfliktfylte saker på.

-----

Øyvind Litland, AP, Torunn Åsheim, AP, Ragnar J. Tyssebotn, FRP og Siren Tyssebotn, FRP, kom til bake til møtet - varamedlemmene Kim A. Hartveit, FRP, Andrea Hartveit, AP, Sigmund Faugstad, FRP og Vibeke Hanstvedt, FRP gjekk frå møtet - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

-----

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

## **AVRØYSTING - utsetjing**

Utsetjingsframlegget fall med 5 røyster (2AP2H,1KRF) mot 2 røyster (2FRP)

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Klagen vert teken til følgje. Administrativt vedtak i sak 323/16 vert gjort om. Det vert gjeve løyve til omdisponering til bustadføremål og frådelling av ein parsell på 13.8 daa frå landbrukseigedomen gnr. 58/bnr. 1 i Osterøy kommune. Grunngeving: Parsellen er ikkje eigna til bruk for landbruksføremål med omsyn til dagens driftsformer, og det er difor meir føremoner enn ulemper med å gje løyvet."

## **AVRØYSTING**

### **Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (2H,2AP,1KRF)

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

## **PL - 044/18 VEDTAK:**

**«Osterøy kommune opprettheld administrativt vedtak i sak 323/16. Klagen vert send Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.**

**Osterøy kommune gjev med heimel i jordlova §§ 1, 9 og 12 avslag på søknad om omdisponering av dyrka/dyrkbar jord til bustadføremål og frådelling av ein parsell på 13,8 daa frå landbrukseigedomen gnr.58.bnr.1. i Osterøy kommune."**

---

## **045/18: 87/1 - Hoshovde - søknad om dispensasjon for planering av naustområde og etablering av kaifront**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3 for planering av naustområde, bygging av kaifront og oppføring av 5 naust på gnr. 87, bnr. 1, Hoshovde, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 11, jf. § 19-2."**

## **14.03.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Kari L. Mjøs, KRF, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

## **AVRØYSTING - utsetjing**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

### **PL - 034/18 VEDTAK:**

"Saka vert utsett for synfaring."

## **25.04.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det vart halde synfaring i saka for utvalet før møtet.

Til møtet vart følgjande dokument delt ut:

- notat motteke 24.04.18 frå søkjar vedrørande byggjeløyve for kaifront og naust på Refsneset

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.35 - kl. 14.50 med gruppemøte for AP, KRF og H

-----

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3 for planering av naustområde, bygging av kaifront og oppføring av 5 naust på gnr. 87, bnr. 1 Hoshovde, jfr. plan- og bygningslova §§ 12-4, nr. 11, jfr. § 19-2."

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett til neste møte."

-----

## **AVRØYSTING - utsetjing**

**Utsetjingsframlegget vart vedteke med 5 røyster (2H,2AP,1KRF) mot 2 røyster (2FRP)**

-----

### **PL - 045/18 VEDTAK:**

"Saka vert utsett til neste møte."

-----

**046/18: 14/193 Hatland - Søknad om dispensasjon - oppføring av familiens hus**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**"Kommunen gjev dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 2.28, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9, nr. 1, til oppføring av nytt bygg for familiens hus på gnr. 14, bnr. 193, jf. plan- og bygningslova § 19-2.**

---

*Protokoll plan- og kommunalteknisk utval 25.04.18*



**Oppføring av ny bygning på gnr. 14, bnr. 193 vil ikkje vanskeleggjere planarbeidet med områdeplan Lonevåg, og det kan gjevast samtykke til tiltaket som er søkt oppført på eigedomen, jf. plan- og bygningslova § 13-1, 3. ledd.**

**Kommunen gjev dispensasjon frå arealføremål i reguleringsplan Lonevåg - Hatland planID 504\_51 byggeområde forretning, kontor / forretning, bank, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-5, nr. 1, til oppføring av nytt bygg for familiens hus på gnr. 14, bnr. 193, jf. plan- og bygningslova § 19-2.**

**Kommunen gjev dispensasjon frå gjeldande utnyttingsgrad i reguleringsplan Lonevåg - Hatland planID 504\_51, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 1, til auka utnyttingsgrad TU = 60 % på gnr. 14, bnr. 193, jf. byggeforskrift 1987 FOR-1987-05-27-458 kap. 22 nr. 22:1, bokstav c, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Parkering skal ikkje reknast med."**

#### **25.04.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett. Saka vert oversend heradsstyret utan innstilling. Grunngeving: Heradsstyret har i sak 077/17 fatta vedtak om oppstart av planarbeid i Lonevåg. I samband med dette vart det innført byggestopp i Lonevåg dei neste to åra, av heradsstyret. Planutvalet har ikkje høve til å fatte eit vedtak som trosser eit heradsstyrevedtak. Difor må saka oversendast heradsstyret for handsaming. Rådmannen må i samband med at saka skal leggst fram for heradsstyret også vurdere om det er mogeleg å få på plass legekontor og helsestasjon i bygget. Det vert og presisert at det er eit heradsstyrevedtak som seier ombygging, ikkje nybygging. Difor må det i samband med at saka vert framlagt for heradsstyret også fattast nytt vedtak som konkluderer med nybygging. Ein minner og om at innkomne anbod har høgare sum enn det som er vedtatt i heradsstyret. Difor må dette og takast omsyn til i framlagt sak. Det må og setjast av midlar til nybygg, då avsette midlar gjeld ombygging av det gamle bygget. "

#### **AVRØYSTING - utsetjing**

Utsetjingsframlegget fall med 5 røyster (2H,2AP,1KRF) mot 2 røyster (2FRP)

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - vedteke med 5 røyster (2AP,2H,1KRF) mot 2 røyster(2FRP)

#### **PL - 046/18 VEDTAK:**

**"Kommunen gjev dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 2.28, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9, nr. 1, til oppføring av nytt bygg for familiens hus på gnr. 14, bnr. 193, jf. plan- og bygningslova § 19-2.**

**Oppføring av ny bygning på gnr. 14, bnr. 193 vil ikkje vanskeleggjere planarbeidet med områdeplan Lonevåg, og det kan gjevast samtykke til tiltaket som er søkt oppført på eigedomen, jf. plan- og bygningslova § 13-1, 3. ledd.**

Kommunen gjev dispensasjon frå arealføremål i reguleringsplan Lonevåg - Hatland planID 504\_51 byggeområde forretning, kontor / forretning, bank, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-5, nr. 1, til oppføring av nytt bygg for familiens hus på gnr. 14, bnr. 193, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Kommunen gjev dispensasjon frå gjeldande utnyttingsgrad i reguleringsplan Lonevåg - Hatland planID 504\_51, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 1, til auka utnyttingsgrad TU = 60 % på gnr. 14, bnr. 193, jf. byggeforskrift 1987 FOR-1987-05-27-458 kap. 22 nr. 22:1, bokstav c, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Parkering skal ikkje reknast med."

---

**047/18: 117/9 Håland Nordre - Søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen §§ 11-6, 11-7, nr. 5, bokstav a, for oppføring av einebustad på gnr. 117, bnr. 9."

## **25.04.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

### *Gildskap*

Utvalsleiar bad om ei vurdering av gildskap for Ragnar J. Tyssebotn, FRP, då han er onkel til tiltakshavar - han fekk høve til å gi si vurdering om gildskap, men tok ikkje del i møtet ved handsaminga av gildskapsspørsmålet - 6 medlemmer/varamedlemmer til stades.

### **Avrøysting - ugildskap**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP vart samrøystes kjend gild.

Utvalet viste til hans eiga vurdering av sin gildskap og fann ikkje at det låg føre ugildskap etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, og heller ikkje etter § 6, 2. ledd .. *likeså er han ugild når andre særlegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.*

Grunngjeving: Utvalfleirtalet viste til at representanten sjølv har stadfesta at han ikkje eit spesielt nært forhold til tiltakshavar, og ein fann etter dette at familietilhøvet ikkje er nok grunnlag for å kjenna han ugild. Utvalet kjenner heller ikkje til andre forhold som gir grunnlag for å kjenna Ragnar J. Tyssebotn ugild.

-----  
Torunn Åsheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

#### **AVRØYSTING -utsetjing**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PL - 047/18 VEDTAK:**

**"Saka vert utsett for synfaring."**

-----

#### **Andre saker/spørsmål**

Siren Tyssebotn, FRP, tok opp spørsmål frå beuarar på Skår, Valestrand, gjeld høg fart på veggen og om det kan gjerast tiltak for å dempa fartsnivået på denne veggen.

Rådmannen vil få avklart kva status er for denne veggen.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: 1. «Som kjent har det vore ein forferdeleg hard vinter for hjortevilt denne vinteren. Med denne friskt i minne, samt fleire reportasjar og meldingar om hjort som har bukka under for vinteren, bed me om å få forvaltningsplanen for hjortevilt oppatt til ny handsaming. Det må takast ei ny vurdering på om denne er rett i høve til den hjortestamma me faktisk har i dag, som følgje av den harde vinteren me har opplevd. Me bed difor rådmannen om å leggje fram forvaltningsplanen for ny handsaming for utvalet, der tiltak som følgje av vinteren er vurdert. Saka vert å leggje fram for utvalet til neste møte.»

2. «Bed om å få opp ei sak vedrørande sal av gnr. 62/bnr. 194. Osterøy kommune eig denne i dag, og denne vart kjøpt frå Opplysningsvesenets fond i 2016. Tomta ligg i etablert byggeområde i Lekneset og vil kunne omsetjast i marknaden utan vidare om og men. Me har fått førespurnad frå Robert Lillejord, som vart råka av raset på Votlo, om å få kjøpe denne tomte slik at han kan fortsetje å bu i Hausbygda. Huset på Votlo vil måtte rivast, og me har forståing for at korkje han eller borna ynskjer å bu der vidare. Det er få eller ingen ledige tomte i Haus pr. i dag, og familien vil såleis få ei ekstra byrde dersom dei må flytta til ei anna bygd. Me vil difor be rådmannen førebu sak til heradsstyret, der sal av tomte vert vurdert.»

Framlegga vart ikkje røysta over.

Øyvind Litland, AP, viste til spørsmål i førre møte om parkeringsplass ved Haus skule. Han påpeika at det hastar med å få opparbeidd ny parkeringsplass.

Rådmannen viste til ein først må få ein avtale med grunneigar, og at dette vert arbeidd med.

-----  
Det vart ikkje gjort vedtak i tilknytning til spørsmål og svar.  
-----

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart desse valde: Torunn Åsheim og Inge Halland

Lonevåg, 27.04.18

Bente Skjerping  
sekretær

-----  
Atle Solberg  
utvalsleiar

-----  
Torunn Åsheim

-----  
Inge Halland